



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksnr
2017/910

Arkiv
S10

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / OMR

Dato
15.08.2017

UTTALE KNYTT TIL HØYRING AV NY BIOLOGISK MANGFALD- RAPPORT 2017

Visert til dykkar høyringsbrev datert 03.07.2017 om *høyring av ny biologisk mangfald-rapport*.

Arealdelen av kommuneplanen:

I arealdelen av kommuneplanen er området sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde. Det er planlagt ny riksveg som kryssar elva eit stykke over der riksvegen går i dag. Det er sett av areal til eit nytt bustadområde nordvest for elva, med ei buffersone til elva på om lag 50 meter. Fredingsområdet Tjørvågosen naturreservat ligg i nedkant av elva, nedanfor eksisterande riksveg. Fredingsområdet omfattar utløpet av Tjørvåg elva, eit sjøareal på om lag 35 da og 33 da landareal.

Kor vidt tiltaket vil ha følgjer for fredningsområdet i Tjørvågosen overlet ein til Fylkesmannen å vurdere. Det er sjølvstendig viktig at tiltaket er foreinleg med bestemmelsane for Tjørvågosen naturreservat og dei ressursane som er representerte der.

Det er ingen endringar i arealbruken sidan første høyringsrunde i 2005. Kommunen har såleis ingen nye merknadar til søknad om kraftverk.

Ny biologisk mangfald-rapport:

Ny rapport knytt til biologisk mangfald, utarbeidd av Alv Ottar Folkestad, konkluderer med at tiltaket ikkje vil ha negative konsekvensar for raudlista artar eller ansvarsartar, vilt, naturtypar/vegetasjonstypar eller ferskvassnatur. Tiltaket vil heller ikkje få særleg merkbar, negativ verknad på biologisk mangfald verken i regionen eller i influensområdet.

Kommunen har ingen merknadar til ny biologisk mangfald-rapport.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen har ingen merknadar til søknad om regulering av Tjervaag kraftverk.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Ole Magne Rotevatn
Avdelingsleiar utvikling / sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG
ROMSDAL

Postboks 2520	6404	MOLDE
Postboks 2500	6404	MOLDE
c/o Øystein Folden Rasta 4	6630	TINGVOLL